



FORORD

Velkomen som foreldrekontakt ved Øyra skule! Engasjerte foreldre er ein stor ressurs for barna våre og skulen!

Forsking viser at foreldre betyr mykje for læringa til elevane, motivasjon, tryggleik og trivsel - og eit godt samarbeid mellom skule og foreldre førebygger mobbing.

Rolla som foreldrekontakt har endra seg dei siste åra. Det handlar om langt meir enn å bake kaker og sørge for arrangement på skulen. Foreldra skal ha ein reell medverknad på det som skjer i skulen, medverke i opplæringa og læringsmiljøet til eige barn. Vi skal bidra til at alle barna får høyre til i trygge og gode klassefelleskap! Med dette som utgangspunkt, seier det seg sjølv at skule og heim treng å samarbeide med kvarandre.

Å vere foreldrekontakt på Øyra skule skal vere trygt, oversiktleg og givande. I denne handboka finn du all informasjon vi tenkjer du treng for å vere trygg i rolla. Ta kontakt med FAU-kontakten på trinnet ditt om det er noko du saknar.

Lykke til med arbeidet i samarbeid med oss!

Helsing

FAU ved Øyra skule



INNHALD

Del 1: ABC for foreldrekontaktar	Del 2: Nyttig info	Del 3: Tilrådingar frå FAU
• Skoledemokratiet • Lovverket • Kva gjer ein foreldrekontakt? • Fokusområder og oppgaver på trinna	• Val av foreldrekontaktar • Klassens kommunikasjon • Faste oppgaver på trinn • Utlån av lokaler og utstyr • Retten til eit godt skulemiljø	• Trivselstiltak i klassen • Bursdagar • Foreldremøter • Årshjul • Klassekonto



ABC FOR FORELDREKONTAKTAR


Skoledemokratiet
Lovverket
Kva er ein foreldrekontakt?
Trinnvise fokusområde og
oppgåver

SKOLEDEMOKRATIET -PLASSEN TIL FORELDRA I SKULESYSTEMET

Her kan du lese meir om samarbeidsråd og utval i skulen

- FUG: Foreldreutvalet for grunnopplæringa
- KFU: Foreldreutval på kommunalt nivå (er ikkje aktivt i Volda no)
- SU: Samarbeidsutval
- FAU: Foreldra sitt arbeidsutval. Består av alle klassekontaktar
- Klassekontaktar velges frå kvar klasse
- Foreldrerådet består av alle foreldra ved skulen.

Ny opplæringslov kom i august 2024.



Kilde: FUG

LOVVERKET

Samarbeidet mellom heim og skule er nedfelt i både læreplan og opplæringslov:

Opplæringslova

§ 1-3 Formålet med opplæringa

Opplæringa skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og dei som har læretid i bedrift, historisk og kulturell innsikt og forankring.

§ 10-3 Samarbeid med foreldra

Skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven.

§ 10-4 Skoledemokratiet

Skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skolereglar

§ 10-5 Organiseringa av skoledemokratiet

Kvar grunnskole skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skolen. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar.

KVA ER EIN FORELDREKONTAKT? (1 / 2)

1. Foreldrekontaktene er bindeleddet mellom foreldra på trinnet
2. Foreldrekontaktene er bindeleddet mellom foreldregruppa og kontaktlærarane
3. Foreldrekontakten er bindeledd mellom foreldregruppa og FAU

Kva forventast det av deg som foreldrekontakt?

- Halde kontakt med foreldra i klassen, spør om innspel og ivareta deira interesser i møter med skulen
- Formidle innspel og synspunkt frå foreldre til kontaktlærarar
- Ta kontakt med nye foreldre, dvs. foreldre til elevar som byrjar undervegs i skuleløpet, ønske dei velkomne og gje dei relevant informasjon
- Sørge for at nokon administrerer kommunikasjonskanalen til trinnet. Se [Klassens kommunikasjonsplattform.](#)
- Fordele til andre, eller sjølv ta initiativ til sosiale arrangement for foreldre og elevar, eller berre foreldre
- Legge til rette for at så mange foreldre som mogleg kan delta på foreldremøte og sosiale arrangement

KVA ER EIN FORELDREKONTAKT? (2/2)

Kva blir det forventa av deg som foreldrekontakt?

- Planlegge foreldremøta saman med kontaktlærarane
- Sørge for ei helsing til lærarane på vegne av foreldre og elevar i løpet av skoleåret
- Formidle innspel og synspunkt frå foreldre til FAU
- Informere foreldra i klassen om FAU sitt arbeid

VIKTIGAST AV ALT: Foreldrekontaktane skal samarbeide med lærarane og foreldregruppa om å skape eit trygt og godt miljø der alle elevane trivst, utviklar seg og lærer

Teieplikt

I nokre saker kan du ha teieplikt. Teieplikten gjeld i skulesamanheng *personlege forhold*. Det vil seie at teieplikta omfattar opplysningar om elevar, foreldre, personale på skulen og deira familiar.

Kjelde: FUG: Alt du trenger å vite om foreldrevern i skolen

FOKUS PÅ ALLE KLASSETRINN

Overordna mål:

- Førebygge mobbing, auke tryggleik og godt samhald på trinnet gjennom å verte betre kjent elevar – foreldre – lærarar
- Skape gode møteplassar for samarbeid og dialog mellom skule og heim

Oppgåver

- [Bursdagsfeiring og gåver](#) – felles rutiner på trinnet
- Arrangere sjølv, eller delegere organisering av [trivselstiltak](#)
- Bidra i planlegging og gjennomføring av [foreldremøter](#)
- Lage [årshjul](#)
- Sørge for at [Klassens kommunikasjonsplattform](#) fungerer
- Val av [foreldrekontaktar](#) ved skulestart i 1., 3., 5. og 7. klasse
- Foreldrekontaktar som skal ut av vervet, held fram i sine roller fram til nye er organisert ved første FAU møte.
- Bidra til å etablere venegrupper i 1.–3. klasse: Diskutere behov på første foreldremøte på hausten

NYTTIG INFORMASJON

[Val av foreldrekontaktar](#)

[Klassen sin kommunikasjonsplattform](#)

[Faste oppgaver på trinn](#)

[Utlån av lokaler og utstyr](#)

[Retten til eit godt skulemiljø](#)

[Kva skjer når barnet er under bekymringsgrensen
fagleg](#)

FAU-STYRET VED ØYRA SKULE

FAU-styret har ansvar for å følgje opp saker, delegere og initiere FAU-møter.

SU-representanter:

- Deltak på møter med skulen.
- Har ansvar for informasjonsflyt mellom SU og FAU.

Leiar	Kirsti Gaudestad	SU-representant
Nestleiar	Tarjei Johannessen Vågstøl	SU-representant
Sekretær	Hilde Moltu Hjelleseth	
Styremedlem	Heidi Øglænd	
Styremedlem	Karen Rosenberg Olsen	
Trinn	A	B
1.	Helge Mjånes, Cathrine Lindekleiv Kristiansen	Ina Birgitte Bones Hynden, Ingrid Marie Strand
2.	Vebjørn Krumsvik Skeide, Beate Krøvel Humberst	Marte Sæten Sørensen, Andreas G. Johnsen
3.	Hanna Kristine Aaland, Eivind Martinsen	Eivor Finset Spilling, Maria Jenny Bjørlykke
4.	Raymond Corrado Knutsen, Håvard Gråbak	Jorun Marie Rypdal Kvernberg, Tarjei Johannessen Vågstøl
5.	May Brit Roseth, Paul Ottar Ternes	Hilde Motu Hjelleseth, Erik Nedreberg
6.	Robert Fremmerli Steinnes, Lene Egset Nedreberg	Kirsti Gaudestad, Karen Rosenberg Olsen
7.	Maria Bjelde Vikebakk, Ingeborg Rørvik	Heidi Øglænd, Øyvind Espe

DRIFT AV FAU

- FAU har møter om lag fire gonger kvart skuleår
- FAU har eiga Spond-gruppe for kommunikasjon – gruppekode: KVEXQ
- FAU har eit eige område på Google Disk for dokumenthandsaming
- FAU har eit eige område på Øyra skule sine [nettsider](#)

ÅRSHJUL – FAU ØYRA SKULE

MÅNAD	OPPGÅVER	ANSVAR
August	- Skulestart - Foreldremøte i alle klassar i løpet av 3 veker etter skulestart: Val av klassekontaktar for to år i 1., 3. og 5. klasse og eitt år i 7. klasse.	☐ Lærarar sender namn på klassekontaktar til rektor
September	- FAU-møte #1: Info om FAU, tidligere saker, kommunikasjon, etablere grupper for nye saker. Val av <u>FAU-styret</u> (5 stk), samt Samarbeidsutval (SU)-representant. Diskutere saker og fordele oppgåver. Sette opp FAU-møteplan for heile året. - SU-møte #1: Diskutere og lande plan for skuleåret. Diskutere behov. Diskutere behov/ønsker for møter og dialog.	☐ Rektor kallar inn til møte ☐ Rektor
November	- FAU-styre-møte: Ved behov. Ev. digitalt. - FAU-møte #2: Status på pågåande oppgåver i FAU. Økonomiplan Volda kommune - noe relevant for FAU/SU? - SU-møte #2: Status for FAUs arbeid, innmeldte saker, økonomiplanen i Volda kommune	
Desember	Arrangere Julelunsj for lærarane	☐ 3. klasse
Januar/feb	- FAU-møte #3: Status på pågåande oppgåver i FAU og plan for semesteret - SU-møte #3	☐ Leiar FAU
Mars/April	FAU-møte #4: Digitalt?	☐ Leiar FAU
Mai	Marknad	☐ Ansvar for arrangementet: 5.kl.
Juni	FAU-møte #5: Evaluere året som har gått. Føreslå idéar for neste år (mai/juni)	☐ Leiar FAU
August	Sikre overgang av informasjon frå gamalt til nytt FAU.	☐ FAU/Rektor



VAL AV FORELDREKONTAKTAR

Foreldrekontaktar i 1., 3. og 5. klasse vert valde for to år om gongen på foreldremøtet om hausten.

Det skal veljast 2 foreldrekontaktar per klasse, og 2 vara. Alle foreldrekontaktane har like mykje ansvar for oppgåvene som skal gjerast i løpet av skuleåret.

Gode grunnar til å vere foreldrekontakt:

1. Du får samarbeide med kontaktlærarane om å skape eit godt miljø der elevane trivast. Dette førebyggjer mobbing, noko som er den viktigaste oppgåva for alle voksne.
2. Du vert godt kjent med skulen og tilsette.
3. Du vert godt kjend med andre foreldre på trinnet.



KLASSENS KOMMUNIKASJONSPLATTFORM

Ei av dei første oppgåvene til foreldrekontaktar på 1. trinn er å opprette ei digital gruppe for kommunikasjon. Dette kan vere Spond, Facebook, el.l. Foreldrekontakt kan ev. velje å delegerer dette til andre.

Eksempel på kva slike grupper blir brukt til blant foreldre:

- Info frå FAU/skulen
- Informasjon og spørsmål til og frå foreldrekontaktane
- Info om sosiale aktivitetar både med og utan barn
- Avtale felles treff på fritida
- Bursdagsinvitasjonar
- Deling av nyttige lenker som angår elevane sin skulekvardag

NB!

- Pass på at alle barn er representert i denne gruppa for at ein skal kunne bruke den til kommunikasjons- og informasjonskanal (f.eks. bursdagsinvitasjonar).
- Foreldrekontaktane må invitere foreldre til barn som er nye i klassen, og fjerne medlemmer av gruppa dersom barnet flytter/byttar skule.
- Be lærarane om å leggje inn Spond/Facebook-gruppenamnet på vekeplanen, slik at alle veit kva dei skal søke etter.
- Forslag til namn som oppdaterast kvart år: «1A Øyra skule 2024/2025».
- Unngå krevjande diskusjonar i digitale grupper. Ta heller eit foreldremøte.

Nettvettreglar

- Vis respekt for kvarandre
- Tenk deg om før du deler bilete og sensitive opplysningar om deg sjølv, barna dine eller andre



FASTE OPPGÅVER PÅ TRINN

Trinn	Oppgåve	Forklaring
1. klasse	Bli kjende	Ta initiativ til klassetreff og foreldretreff
2. klasse	Skøytebane	Bidra til å lage og vedlikehalde skøytebana ved skulen. Vatne bana.
3. klasse	Julelunsj	Organisere julelunsj for lærarane
4. klasse	17. mai	Foreldre til 4. klassingar bidreg med oppgåver som moleggjer felles feiring av 17. mai i Volda. Foreldre blir kalla inn av ein komite som er etablert av forrige års 17.-mai-komite.
5. klasse	Marknad	Marknad er ein felles sommaravslutning på tvers av alle trinn. Eit samarbeidsprosjekt mellom lærarar og elevar.
6. klasse	Kiosk på First Lego League-arrangement	
7. klasse	Avskjedsmarkering	

UTLÅN AV LOKALE OG UTSTYR

Alt fellesareal på skulen (amfi, kjøkken, kantine m.m.) kan lånast ut gratis til arrangement i regi av klassen. I slike tilfelle må ein kontakte ekspedisjonen ved Øyra skule. Tilkomst må avtalast i god tid.

Dersom ein ønskjer å leige lokale på skulen privat (til dømes bursdagsfeiring) kostar dette pengar. I slike tilfelle må ein ta kontakt med servicekontoret i Volda kommune.

RETTE TIL EIT GODT SKULEMILJØ

I Norge er det lovfesta nulltoleranse for krenkingar som mobbing, vald, trakassering og diskriminering. Ifølge opplæringslova § 12-2 har alle barn rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Det gjeld på skulen, på SFO, på skulevegen og på kollektiv transport til og frå skulen. Aktivitet på digitale medier utanfor skuletid kan også påvirke tryggleiken til den enkelte i skulekvardagen.

Enten barn utøver eller blir utsett for mobbing er det i siste instans dei vaksne sitt ansvar. Difor må skulen jobbe systematisk med å forebyggje, avdekke og handtere mobbing i samarbeid med foreldra.

Skulen har aktivitetsplikt. Det innebærer at alle ansatte skal følge med på korleis borna har det på skulen, observere samspelet mellom elevane og jobbe for å forebyggje mobbing. Alle har plikt til å gripe inn dersom dei oppdagar ein slåsskamp, utfrysning, verbal krenking eller liknande. Vidare har alle som jobber på skulen plikt til å varsle rektor dersom dei får mistanke om eller får vite at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal følge tydelege rutiner når ein lærar mistenker eller får vite at ein elev ikkje har det bra.

Kva skal eg gjere dersom barnet mitt vert mobba, eller ikkje har eit trygt miljø på skulen? (Paragrafen dekkar ikkje berre mobbing, men også situasjonar der eit negativt klassemiljø bidreg til eit utrygt miljø som ikkje fremmar læring.)

Sei ifrå til kontaktlærar, nokon i leiinga på skulen eller andre vaksne ved skulen som du har tillit til. Ingen kan avvise at barnet ditt føler seg mobba/krenka dersom det sjølv gjev uttrykk for det. Dokumenter gjerne innhaldet i samtalen saman, eller ved e-post i etterkant. Dersom du ikkje høyrer noko frå skulen i løpet av dei nærmeste dagane, bør du kontakte rektor. Skulen har plikt til å starte undersøkinga og iverksette tiltak innan 5 dagar. Tiltaka bør skriftleggjerast i løpet av 14 dagar. Alle involverte skal bli høyrte. Det skal lagast ein aktivitetsplan som skal evaluerast til avtalte tidspunkt.

Dersom kontakt med skulen ikkje fører fram, kan du kontakte Statsforvalteren skriftleg eller munnleg. Statsforvalteren skal følge opp saka og kreve at skulen iverkset tiltak.

Kven kan gje deg råd? Mobbeombudet, FAU, Statsforvalteren

KVA SKJER NÅR EIT BARN LIGG UNDER BEKYMRINGSGRENSA PÅ KARTLEGGINGSPRØVAR?

- Det blir gjennomført to utviklingssamtalar i året. Den første kjem som regel i oktober/november, og den andre i mars/april. Fagleg progresjon og nivå er faste punkt under desse samtalane. Dersom eit barn ligg under bekymringsgrensa på kartleggingsprøver, vil læraren informere føresette – og eventuelt eleven – om dette. Læraren vurderer då om det er behov for hjelp utover ordinær undervisning.
- 1.–4. klasse har noko ekstra ressursar til det som blir kalla tidleg innsats. Dersom elevar har vanskar i norsk og/eller matematikk, **kan** dei få eit gruppetilbod eller individuell ekstrahjelp. Dersom ekstra innsats blir sett inn, og eleven framleis strevar, kan læraren – i samråd med føresette – ta kontakt med PPT.
- Føresette kan også ta kontakt med PPT på eiga hand på vegner av sitt eige barn. Det er likevel ønskjeleg at slik kontakt skjer i samarbeid med skulen.



TILRÅDINGAR FRÅ FAU

- [Trivselstiltak i klassen](#)
- [Bursdagar](#)
- [Foreldremøter](#)
- [Årshjul](#)
- [Klassekonto](#)


TRIVSELSTILTAK I KLASSEN/TRINNET - BLI KJEND MED KVARANDRE!

Positive opplevingar saman styrker VI-kjensla og fellesskapet og gjer det hyggelegare å vere elev, foreldre og lærarar. Å bli kjent med kvarandre bør vere hovedformålet for alle trivselstiltak som foreldre sett i gong. Det kan vere ein utflukt i naturen, grille, leike på skoleplassen, spillkveld eller felles kveldsmat. Her er det berre fantasien som sett grenser 😊

FAU tilråd:

- Klassar er ulike. Kor godt ein klasse fungerer avhenger av mange faktorar, som samansetninga av barn, korleis foreldre samarbeider, lærarane og miljøet rundt dei. Det er difor lurt å drøfte saman i foreldregruppa og med kontaktlærarane kva de foreldre kan gjere for å skape trivsel i akkurat denne klassen. Elevane kan også gjei dykke gode innspel på kva som er kjekt å gjere saman. Foreldrekontaktene tek initiativ til dette.
- Planlegg så mange trivselstiltak de ønsker. Foreldrekontaktene tek initiativ til dette og delegerer oppgåver og involverer fleire foreldre.
- Lag aktiviteter der alle kan vere med. Lersågterskel og gratisprinsippet bør gjelde.
- Lån lokaler hjå skulen om det er behov for dette.
- Legg aktivitetane med datoar inn i klassen/trinnets årshjul så snart de har bestemt aktiviteter.
- Forsøk å lære namna på elevane i klassen og slå av ein prat når det er naturleg. Vis positiv merksemd spesielt til dei som kanskje treng det aller mest.
- De kan gjerne ha eigne arrangement bere for dei vaksne, men hugs at kjønnsdelte arrangement, eller arrangement med alkohol kan vere ekskluderande sjølv om intensjonen er inkludering.

NB! Ver bevisst på situasjonar og merkedagar som kan skape utenforskap, som for eksempel Halloween. Korleis kan foreldregruppa sikre at alle som vil ha nokon å feire Halloween saman med, får tilbod om dette?




BURSDAGAR

Vaksne skaper vennskap! Barnebursdag er kjekt og bidreg til å skape eit godt klassemiljø. Her er nokre råd og vink om ting det er lurt å tenkje på når det gjeld bursdager. Vi anbefaler at de lagar felles kjørereglar for bursdagsfeiring på trinnet så tidleg som mogleg, og at de legg til rette for inkluderande feiringar gjennom **heile** barneskulen.

FAU tilråd:

- Inviter heile grupper, f.eks. heile klassen/trinnet, alle jentene eller alle gutane. Slik sikrar vi at alle får være med og ikkje blir heldt utanfor. La dette vere ein regel alle åra på barneskulen.
- Bursdag kan gjerne vere lågterskel - både med tanke på servering og opplegg.
- Diskuter om det er behov for gåve. Her er nokre moglegheiter
 1. Elevane lagar bursdagskort med hyggelege ord
 2. Elevane lagar bursdagskort med hyggelege ord, og føresette til bursdagsbarnet kjøper ei felles gåve for ein avtalt, avgrensa sum
 3. Foreldremøtet avtaler ein fast og låg sum for gåver
- Kombinér gjerne bursdagar: Dei som har bursdag i same månad eller årstid, kan feire saman. Då kan ein spleise på utgiftene og dele på ansvaret, samstundes som ein sørger for at alle har nokon å feire bursdagen sin saman med. Slik kan både barn og foreldre bli betre kjende med kvarandre.
- Lån gjerne areal på skulen til bursdagsfeiringar dersom de ikkje ønskjer å ha det heime. Meir informasjon om utlån av skule og SFO finn de [her](#).
- Snakk med barna om kvifor det er viktig å inkludere fleire enn berre dei barna dei leker mest med.



FORELDREMØTER

Kva er målet med foreldremøter?

- Informasjon frå skulen; innhald i opplæringa, trivsel i klassen, viktige tema gjennom semesteret, kva skjer utanom skuletid, retningslinjer og utfordringar.
- Dialog med foreldra om korleis foreldre kan bidra og påvirke samhald, trivsel og læring i klassen/trinnet? Korleis få til så godt samarbeid som mogleg?
- God anledning til at foreldre kan bli betre kjent
- Vere relevante og nyttige for foreldra

FAU tilrår:

- Lærarar og foreldre på trinnet samarbeider om planlegging av foreldremøtene. Foreldrekontaktane kan be dei andre foreldra komme med innspel til tema som kan takast opp.
- Foreldremøta bør ha ei form som gjer at foreldra kan bli kjent med kvarandre, knytte kontakt og utveksle erfaringar. Det kan vere lurt å leggje ein regi på plassering, slik alle har nokon dei kan sitte saman med og at dei som kjenner kvarandre godt frå før ikkje set seg saman.
- Sett dato for foreldremøta så tidleg som mogleg og legg det inn i årshjulet. Det gjer det mogleg for flest mogleg foreldre å delta.
- Motivere foreldra på trinnet til å delta på foreldremøte. Det er ein viktig arena for samarbeidet mellom skulen og foreldra.
- Foreldremøte i august: Lærarar informerer godt om val av FAU er, viktigheita av dette og moglegheitene for å bidra positivt.

Tips!

- Sjå foreldreutvalgene.no: [Foreldremøter i skolen](#)

«Frå 1. trinn i grunnskolen til vidaregåande trinn 2 skal skolen i starten av kvart skoleår halde eit foreldremøte der dei gir informasjon om innhaldet i og organiseringa av opplæringa, om korleis foreldra kan medverke, og om rutinar og andre relevante forhold..»

[Opplæringsforskrifta § 11-1.](#)

3 ingredienser i et nyttig foreldremøte:

- Informasjon
- Dialog
- Medvirkning



FORELDREMØTER FORTS.

Nokon av foreldremøta er spesielt viktige for å etablere ein god kultur og legge føringar for skule-heim-samarbeidet.

FAU tilrår:

- Informasjonsmøte for føresette til nye 1. klassingar (mai)
 - Seie noko om viktigheita av at foreldre bidrar til klassemiljøet. Viktigheita av at foreldra kjenner kvarandre.
- Første foreldremøte i 1. klasse (august/september)
 - Dette møtet er delt i ein felles del for heile 1. trinn, og ein del for kvar klasse. I fellesdelen skal FAU-leiar seie noko om å vere klassekontakt, noko om handboka og noko om digital rettleiar. Avtal med rektor.
 - Lærarane seier noko om korleis foreldre kan bidra til eit godt klassemiljø.
- Første foreldremøte kvart skuleår
 - Informasjon om mobbesaker (§12-2) og korleis ein heilt konkret bør ta tak i slike ting dersom det oppstår. Sjå [her](#).
 - Mål om å løyse saker på lågast mogleg nivå. Kontakt i denne rekkjefølgja: Kontakt: 1) Føresette, 2) Lærarar, 3) Rektor, 4) FAU



ÅRSHJUL FOR DEN ENKELTE KLASSE

Foreldrekontaktane skal, saman med kontaktlærarane, leggje til rette for at så mange føresette som mogleg deltek på foreldremøte og sosiale arrangement i løpet av skuleåret. I ein travel kvardag er det ofte greitt å få vite om ting i god tid på førehand.

FAU tilrår

- Foreldrekontaktane lagar eit enkelt årshjul som viser aktivitetar og datoar gjennom skuleåret, og deler dette med resten av foreldregruppa og kontaktlærarane i klassen eller på trinnet.
- Kontaktlærarane avklarar dato for foreldremøter og periode for kontaktsamtalar så tidleg som mogleg, og innan 15. september for å leggje til rette for at flest mogleg føresette kan delta på foreldremøte.



ÅRSHJUL - EKSEMPEL PÅ ENKEL MAL FOR TRINN

ÅRSHJUL FOR ... trinn/klasse SKOLEÅRET 20../20..				
MÅNAD	DATO	AKTIVITET	ANSVARLIG	INFORMASJON
August/sept		Foreldremøte seinast tre veker etter skulestart	Kontaktlærar	
September		Vennegruppe		
		Sosial samankomst i klassen: Grilling Årneset	FAU	
		Ev.: Foreldretreff (gåtur, kveldsmat, etc)	FAU	
Oktober		Foreldresamtalar (okt/nov)	Kontaktlærar	
November		Vennegruppe		
		Sosial samankomst i klassen: F.eks. spelekveld + kveldsmat på skulen	FAU	
Desember				
Januar		Vennegruppe		
Februar		Sosial samankomst i klassen: Aking/leiking på campus?	FAU	
Mars		Vennegruppe		
		Utviklingssamtalar barn, foreldre, lærar	Kontaktlærar	
April		Foreldretreff	FAU	
Mai		Vennegruppe		
Juni				



KLASSEKONTO

Opplæringslova har eit grunnleggande prinsipp om at den offentlege grunnskuleopplæringa skal vere gratis. På Øyra skule er det ingen pålagte kostnader for foreldre, feks. er leirskule gratis.

I løpet av skuleløpet kan det likevel vere aktuelt for foreldra å gå saman om gåve til kontaktlærarane, sosialkveld el.l. Det kan da vere nyttig å ha ein klassekonto for å halde styr på innbetalingar og utbetalingar. FAU har ingen bankkonto. Den som påtar seg ansvaret for klassekonto, må opprette ein konto i sin eigen bank.

Det er eit mål å ha ein beskjeden økonomi, men den skal vere tilstrekkeleg for å gi støtte til diverse felles aktivitetar. Det skal vere frivillig å betale til klassekassa.

- Det er lov å spørje om pengar til klassekassa, men det skal vere frivillig å sette inn.
- For å oppretthalde anonymiteten skal det ikkje seiast noko om kor mange, og kven, som har satt inn pengar. Det er kun kasserar som har tilgang på denne informasjonen.

